Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Meldal

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Sigurd Nilssen

Gard:

(adresse): Orkanger

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjölk

1. Mjolk var mykje nytta i hushaldet i eldre tider, skumma og sur; nysila var ein meir sparsam med den skulde skaffa inntekta. På setrane var römmekolle sikker traktering åt framande. Eg trur ikkje det vert bruka meir mjölk no, heller mindre.

2 Det var vanleg å drikka mjölk som leskedrikk.

3 Bland-drykk (skyr eller mussu blanda med vatn var brukt om sumaren i höyonna når veret var heit og arbeidet gjekk på spreng. Heimbrygga öl drak dei og; men ein vart slapp av ölet i varme under tungt arbeid.

Öl

4 Heimbrygga maltöl har vore nytta vistnokt frå eldgamal tid og er enno bruka på gardane på bondebygda. Dei bryggja til hogtid, gjestebod, ståkånn og dona (dugnad) Jamnast laga dei to sortar, sterköl og lettöl. Det sist mest bruka til dagleg drikk

7323

sterkålet til framande og i lag og samkomer.

Kaffi

5. " Kva höve ein tok til å drikka kaffi her kan eg ikkje segja;
6 men kaffi var alt dagleg drikk ikring 1890.
7 No drikk dei kaffi 2 og 3 ganger om dag, sume endå fleire ganger
8 Når kjelen med vatn kokar opp har dei på kaffi. skal helst vera grov eller kjem det ann på kvenna kor groot ho mel. Salt og klåreskinn var brukeleg för men er no gått av bruk. Spå i kaffigruggen har eg ikkje höyrt var drive, ein og annan kanskje för löyes.
9 Båttåsukker (tabletter) er bruka til kaffi. I eldre tider brukte dei kandis og toppsukker. I krigstider koka dei saman plater av farin.
10 Ikkje anna enn fløyte har vori bruka i kaffien. No er det mange som drikk svart kaffi

Te.

11 Te brukar dei ikkje til kvardags, ender åg gong til helg og traktering nar ein har framande

Brennevin

12 Brennevinet kom litt om senn av bruk som kvardagsdrikk etter at styremakta hadde kversett brennevinsapparata. Her i Medala vart det oppsteg på tinget då apparata var

7323

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

teke Folk trudde at det var noko dei „höge herrane" tok seg til utan lovheimel. Urostiftarane vart dömde og laut iveg og lida straff. Det er fortalt at ein husmann og var med og leid straff. Han selde av deiknappe (matrasjonane) til bönde-ne som han var saman med: Han var vann å svelta så han greide seg med mindre enn lite, sa han.

Det har vori gamal skikk å kjöpa brennevin til högtider, gjestebod, auksjonar, donaer (dugnader), og andre samkomer. Den tid det var lovleg slo fleire seg saman og kjöpte ein ankar, ei halvtunne, ja det hende at dei kjöpte ei heil tunne i gongen. Lukelgarane kom saman ein fastsett dag og delte brennevinet. Det var laga slikk at nar kvar hadde fått sin del, var det att noko på kaggen. Det kalla dei oppskukku og den vart drikke med det same. Kunsten var å få mykje oppskukku så dei vart fulle og samkoma kunde ende så ymse.

Nyare drikk.

13 Kjöpöl til vaksne og brus til ungane er mest brukt på industrisentra.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING